



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# Eigarstyring - styreval

Eigarskapskontroll | Seljord kommune

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1. Kontrollutvalet si bestilling .....	5
1.2. Problemstilling og kontrollkriterium .....	5
1.3. Avgrensing.....	5
1.4. Metode og kvalitetssikring .....	5
1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap.....	6
<b>2. Eigarskapsmelding .....</b>	<b>7</b>
2.1. Kontrollkriterium .....	7
2.2. Eigarskapsmelding – innhald og handsaming .....	8
2.3. Eigarskap – verksemder - informasjon til innbyggjarane .....	9
2.4. Revisor si vurdering av eigarskapsmeldinga og informasjon.....	9
<b>3. Handsaming av eigarsaker .....</b>	<b>10</b>
3.1. Kontrollkriterium .....	10
3.2. Innkallingsfrist og handsaming i kommunen .....	11
3.3. Revisor si vurdering – handsaming av eigarsaker .....	13
<b>4. Styrevalprosessar og styresamansetjing .....</b>	<b>14</b>
4.1. Kontrollkriterium .....	14
4.2. Fakta om styreval .....	16
4.3. Revisor si vurdering av styreval.....	21
<b>5. Konklusjonar og tilrådingar .....</b>	<b>23</b>
5.1. Konklusjonar.....	23
5.2. Tilrådingar .....	24
<b>Litteratur og kjeldereferansar .....</b>	<b>25</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>26</b>
Vedlegg 1: Fråsegn til rapporten frå kommunen og selskapa .....	26
Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring .....	28

## Samandrag

I denne eigarskapskontrollen har vi undersøkt følgjande problemstillingar:

- 1. Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande krav?**
- 2. Handsamar kommunen eigarsaker i samsvar med egne retningslinjer og tilrådingar frå KS?**
- 3. Er styrevalprosessar for selskapa lagt til rette og gjennomført i samsvar med lovkrav, kommunen sine retningslinjer og tilrådingar frå KS?**
- 4. Er styresamansetjinga i samsvar med lovkrav og vedtekter/selskapsavtalar?**

### Konklusjonar

#### Eigarskapsmelding og informasjon

Seljord kommune har eigarskapsmelding i samsvar med krava i kommunelova. Det er positivt at eigarskapsmeldinga er handsama tidleg i kommunestyreperioden, slik at eigarstyringsprinsippa kan vere førande for kommunen si eigarstyring i praksis.

Kommunestyret sitt vedtak om oppdatering og utarbeiding av eigarstrategiar for alle selskap der kommunen eig meir enn 1 % er ikkje følgt opp for selskap der kommunen sin eigardel er 1-10%.

Det er lite informasjon om eigarskapsmeldinga eller om selskapa på kommunen sine nettsider. Etter vår vurdering kan informasjonen til innbyggjarane om kommunen sine eigarstyringsprinsipp, kommunen sitt eigarskap og verksemdar som leverer tenester til kommunen bli betre.

#### Handsaming av eigarsaker i kommunen

Gode rutinar for handsaming av eigarsaker er viktig både for å sikre god informasjon til folkevalde organ og for å ha tydelege styringslinjer. Kommunen si eigarskapsmelding er handsama av kommunestyret tidleg i valperioden, og det burde såleis godt til rette for eigarstyring i samsvar med retningslinjene i eigarskapsmeldinga.

I den undersøkte perioden (2021 til juni 2022) kan vi ikkje sjå at innkallingar til generalforsamling/representantskap er handsama i formannskap eller kommunestyre. Kommunestyret har heller ikkje fått framlagt årsmeldingar frå selskap i perioden, slik det står i eigarskapsmeldinga. Vi vil også peike på at kommunestyret ikkje har handsama ny selskapsavtale etter endring av deltakarar i Vest-Telemark PPT IKS, slik kravet er etter IKS-lova § 4. Etter vår vurdering har kommunen ikkje etterlevd retningslinjene for handsaming av eigarsaker i 2021 og 2022.

Ein føresetnad for god administrativt og politisk handsaming av eigarsaker i kommunen er at kommunen mottok innkallingane i god tid før generalforsamling eller representantskap. Dei fire selskapa vi har undersøkt, har ikkje halde fristen for innkalling til over halvparten av møta i 2021 og 2022.

### **Styrevalprosessar**

Eit godt samansett styre med ei samla kompetanse tilpassa selskapet sitt behov er ein viktig faktor for at selskapa skal fungere godt, og val av styre er ei av dei viktigaste oppgåvene til eigar.

Styrevala i den undersøkte perioden er i samsvar med lovkravet om kjønnsrepresentasjon, og dei selskapa som har meir enn eit varamedlem, har valt vara i rekkefølge. Det gir kontinuitet i styrearbeidet og er i samsvar med tilråding frå KS.

Bruk av valnemnd er eit tiltak som kan bidra til å samordne innspel og føringar frå eigarane og sikre både ei lovleg og føremålstenleg styresamansetjing. Alle selskapa har valnemnd. Det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene for og arbeidet til valnemndene. Det gjer det vanskeleg å vite kva dei vektlegg når dei innstiller på kandidatar. Eit kriterium som likevel blir vektlagt i dei fleste av selskapa vi har sett på, er at alle eigarane skal vere representert i styra. Vi finn lite dokumentasjon av korleis valnemndene har vurdert Seljord kommune sine føringar for styresamansetjing.

Ei god kjelde for valnemnda er styrets evaluering av sitt eige arbeid. Derfor kan det vere nyttig at styret gjennomfører slike evalueringar fast, og at valnemnda nyttar denne informasjonen. Tre av dei selskapa vi har undersøkt kan vise til styreevaluering i perioden, men berre to av dei har det som fast praksis.

Styreopplæring kan bidra til å sikre eit godt kompetent styre. To av selskapa viste til at dei hadde opplæring, og to av desse hadde dette planlagt for hausten 2022.

### **Tilrådingar**

Vi har følgjande tilrådingar til Seljord kommune:

- Kommunen bør saman med dei andre eigarane ta initiativ for å sikre at selskapa sender ut innkalling til generalforsamling/ representantskap i samsvar med gjeldande fristar.
- Kommunen bør sikre at eigarsaker blir handsama politisk i kommunen, i samsvar med lovkrav og vedtekne eigarskapsprinsipp.
- Kommunen bør sikre at årsmeldingar og anna informasjon om selskap blir lagt fram for kommunestyret i samsvar med retningslinene i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør vurdere tiltak for å fremje kommunen sine føringar for styreval overfor selskapa og valnemndene.

# 1. Innleiing

## 1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune i sak 17/22.

Reglane om eigarskapskontroll står i kommunelova § 23-2 første ledd bokstav d, jf. § 23-4 og § 24-2, og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

## 1.2. Problemstilling og kontrollkriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

- 1. Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande krav?**
- 2. Handsamar kommunen eigarsaker i samsvar med egne retningslinjer og tilrådingar frå KS?**
- 3. Er styrevalprosessar for selskapa lagt til rette og gjennomført i samsvar med lovkrav, kommunen sine retningslinjer og tilrådingar frå KS?**
- 4. Er styresamansetjinga i samsvar med lovkrav og vedtekter/selskapsavtalar?**

Kontrollkriteria<sup>1</sup> i denne eigarskapskontrollen er henta frå kommunelova, aksjelova, IKS-lova med forskrifter, eigarskapsmelding og eventuelt andre kommunestyrevedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kriteria er nærare omtalt under kvar problemstilling.

## 1.3. Avgrensing

Vi har undersøkt eigarstyringa i kommunen i 2021 og 2022. Vi har ikkje undersøkt handsaminga av saker i generalforsamlingane/representantskapa.

## 1.4. Metode og kvalitetssikring

Eigarskapskontrollen er gjennomført av forvaltningsrevisor Kirsti Torbjørnson, med Bente Hegg Ljøsterød som oppdragsansvarleg.

Informasjonen som vi byggjer på, er henta inn gjennom dokument (innkallingar, protokollar, reglement og liknande) og intervju/skriftlege spørsmål med eigarrepresentantar og selskapsleiing.

Kontrollen rettar seg mot kommunen som eigar. Vi har undersøkt praksis for eigarstyring i eit utval av selskapa som kommunen har eigarskap i. Ved val av selskap la vi vekt på eigardel, variasjon i selskapsform og type verksemd. Vi har valt ut selskapa

- Vest Telemark Brannvern IKS
- Vest-Telemark Pedagogisk psykologisk teneste IKS

---

<sup>1</sup> Kontrollkriterium er dei reglane og normene som gjeld på det området vi skal undersøke, og er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

- Vest Telemark Næringsbygg AS
- Vest-Telemark Kraftlag Holding AS (VTK) med dotterselskap (konsern)\*

I selskap med private eigarandelar (Vest-Telemark Næringsbygg AS) har ikkje kontrollutvalet innsynsrett, jf. kommunelova § 23-6. Vi har likevel fått den informasjonen vi har bedt om frå selskapet.

### **1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap**

Rapporten er sendt til uttale til kommunen v/ eigarrepresentant og til selskapa som er omtala i rapporten, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegna frå Seljord kommune har ført til ei mindre endring i konklusjonen. Selskapa har hatt høve til å uttale seg, og har i hovudsak uttalt seg i samband med ein liknande rapport utarbeidd for Nissedal kommune. Alle fråsegnene ligg i vedlegg 1.

## 2. Eigarskapsmelding

Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande krav?

### 2.1. Kontrollkriterium

Ifølgje kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret sjølv skal vedta. Eigarskapsmeldinga skal innehalde

- kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- kommunen sine formål med eigarinteressene

Det går fram av lovforarbeida at det vil «*være en fordel om eierskapsmeldingen på et generelt nivå også gjør en vurdering av om den enkelte virksomheten fyller sin hensikt etter det formålet kommunen har med å være engasjert i denne.*»

Kommunen skal aktivt informere om verksemd som andre rettssubjekt utfører på vegne av kommunen, og skal legge til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon, jf. kommunelova § 4-1.

**På dette grunnlaget har vi utleidd følgjande kriterium:**

- **Minst ein gong i valperioden skal kommunen utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret sjølv skal vedta.**
- **Eigarskapsmeldinga skal:**
  - **innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring**
  - **gi oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap/verksemder**
  - **vise kommunen sine formål med eigarskapen**
- **Kommunen skal ha informasjon om verksemd som andre rettssubjekt utfører på vegne av kommunen tilgjengeleg for alle.**

## 2.2. Eigarskapsmelding – innhald og handsaming

### **Vedtak i kommunestyret kvar valperiode**

Seljord kommune si eigarskapsmelding vart vedtatt av kommunestyret i mars 2020, sak 17/2020 «Seljord kommune si eigarskapsmelding Del 1 Eigarskapspolitikk/- prinsipp og Del 3 Eigarstrategiar for selskap». Kommunestyret vedtok samtidig at rådmannen skal utarbeide utkast til eigarstrategiar for selskap som kommunen er eigar av med meir enn 1%. Rådmannen skulle også oppdatere vedlegg 3 i samsvar med ny kommunelov og legge dette fram for formannskapet til godkjenning. Kommunen opplyser dette vedtaket ikkje er følgt opp, då pandemien, som braut ut ein månad etter, tok all fokus i lang tid. Kommunen viser også til at kommunen tidlegare (2018) utarbeida eigarstrategiar for dei selskapa der kommunen har ein eigardel på over 10 %, jf. eigarskapsmeldinga vedlegg 3.

### **Eigarskapsprinsipp**

Eigarskapsmeldinga inneheld kommunen sine 15 eigarskapsprinsipp med utdjupeing, forklaring og nærare føringar knytt til valkomité og styreutnemning, samansetjing av styret, styregodtgjersle, roller og habilitet m.m.

### **Oversikt over eigarinteresser og føremål med eigarskapen**

Kommunen si eigarskapsmelding inneheld ei oversikt over kommunen sine eigarinteresser, med eigardel, og kven som representerer kommunen som eigar i selskapa. Oversikten er oppdatert per april 2020 (del 2 i eigarskapsmeldinga).

Oversikten over eigarinteressene viser om det er politisk eller finansielt føremål med eigarskapen, angitt med ein bokstav (P eller F). Det er ikkje nærare definert kva som ligg i desse to formåla.

I innleiinga til eigarskapsmeldinga står det at for alle verksemder der kommunen er involvert, bør det vere ein eigarskapsstrategi med nykelopplysningar over eigarsamansetting, føremål, organisasjonsform, eigarorgan og styresamansetting; særleg gjeld dette aksjeselskap der kommunen har eit engasjement på meir enn 1 % eigarskap. Ved etablering av nye engasjement bør det alltid etablerast eigarstrategi for selskapet. For interkommunale verksemder bør eigarstrategiane søkast utarbeidd saman med dei andre eigarkommunane. Kommunen legg til grunn at i interkommunale kommunale selskap (IKS) vil selskapsavtalene erstatte eigarstrategiar. I eigarskapsmeldinga er det lista opp 15 selskap som bør ha eigarskapsstrategi.

Eigarskapsmeldinga inneheld eigarstrategiar for 10 selskap, jf. eigarskapsmeldinga del 3 Eigarstrategiar. Kommunen sitt formål med eigarskapen (bakgrunn for eigarskapen) går fram av eigarstrategiane.



### **2.3. Eigarskap – verksemder - informasjon til innbyggjarane**

Vi har gjort søk etter informasjon om selskap som leverer tenester til kommunen, eigarskap og eigarstyring på nettsidene til Seljord kommune. Vi søkte med søkeorda eigarskapsmelding, eigarskap og eigarstyring, men fekk ingen treff. Vi søkte deretter med namn på dei selskapa vi har valt ut for denne kontrollen. Vi fekk ingen treff.

Vi gjorde også oppslag under tema der det kan vere naturleg å finne informasjon om eigarstyring og/eller selskap som leverer tenester til kommunen. Under Politikk og organisering, Planar og høyringar fann vi ikkje informasjon om eigarskapsmeldinga eller annan informasjon om eigarskap og eigarstyring. Under tema som beredskap, fann vi lenke til Brannvesen, men ikkje informasjon om organisering og eigarskap. Under tema Oppvekst fann vi lenke til Vest-Telemark PPT IKS. Vi fann ingen informasjon om kommunen sitt eigarskap i Vest-Telemark næringsbygg og Vest-Telemark Kraft.

Kommunen har lenke til Styrevervregisteret, der ein kan søke opp informasjon om styreverv m.m.

### **2.4. Revisor si vurdering av eigarskapsmeldinga og informasjon**

Seljord kommune har eigarskapsmelding i samsvar med krava i kommunelova. Det er positivt at eigarskapsmeldinga er handsama tidleg i kommunestyreperioden, slik at den kan vere førande for kommunen si eigarstyring gjennom valperioden.

Eigarskapsmeldinga inneheld kommunen sine eigarstyringsprinsipp, og gir informasjon om kommunen sine eigardelar i selskap. Kommunen sitt overordna formål med eigarskapen er angitt som politisk eller finansielt. Det er ikkje nærare definert kva som ligg i desse to formåla.

Kommunestyret sitt vedtak om oppdatering og utarbeiding av eigarstrategiar for alle selskap der kommunen eig meir enn 1 % er ikkje følgt opp for selskap der kommunen sin eigardel er 1-10 %.

Det er vurdert om verksemda tener hensikta og fyller føremålet med kommunen sin eigarskap for dei selskapa der det er utarbeidd eigarstrategiar.

På kommunen sine nettsider finn vi nokre lenker til verksemder som leverer tenester til kommunen. Kommunen gir ikkje informasjon om eigarskap og eigarstyringsprinsipp, og ikkje samla informasjon om verksemder som leverer tenester til kommunen. Det er såleis ikkje lagt til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon.

## 3. Handsaming av eigarsaker

### 2. Handsamar kommunen eigarsaker i samsvar med egne retningslinjer og tilrådingar frå KS?

#### 3.1. Kontrollkriterium

KS rår til at kommunen etablerer føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorganet, og at dette bør gå fram av eigarskapsmeldinga. Slik sikrar ein engasjement, debatt og reell politisk avklaring i eigarsaker. For å få til politisk handsaming av eigarsaker, rår KS til at ein tar inn reglar om innkallingsfrist i selskapsavtale/vedtekter, slik at den fristen er bindande for selskapet.

Ifølgje aksjelova skal innkallingar til generalforsamling sendast ut med minst ei veker varsel. Lengre frist kan fastsetjast i vedtektene. Innkallingsfrist til møter i representantskapet er 4 veker ifølgje IKS-lova. Også her kan ein setje lengre frist i selskapsavtalen.

Av kommunen si eigarskapsmelding går det fram at formannskapet har fått delegert det utøvande eigaransvaret overfor verksemdar der kommunen har eigarskap. Det står at årsrapportar og tertialrapportar, sakliste til ordinære og ekstraordinære generalforsamlingar/ årsmøte/ eigarmøte skal handsamast i formannskapet. Formannskapet skal innstille styrekandidatar frå kommunen til valkomitear og/eller generalforsamlingar (eigarskapsprinsipp nr. 2.) Vidare går det fram at rådmannen og andre tilsette i administrasjonen har ansvar for saksførebuinga for eigarorgan (eigarskapsmeldinga pkt. 1.5, siste avsnitt).

Eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar for at selskapa skal ha utvida innkallingsfrist til generalforsamling eller representantskap. I eigarskapsprinsipp nr. 8 står det at eigaren sin styringskontroll hovudsakeleg er gjennomgang av årsoppgjer og rapportering av måloppnåing. I prinsipp. 9 står det at kommunestyret skal få lagt fram årsmeldingar for dei verksemdene som løyser kommunale oppgåver, og skal få jamleg informasjon om desse verksemdene.

**På dette grunnlaget har vi utleidd følgjande kriterium:**

- **Innkallingar til møter i representantskap og generalforsamling skal sendast ut i samsvar med gjeldande innkallingsfrist.**
- **Eigarsaker skal handsamast av formannskapet.**
- **Kommunestyret skal få lagt fram årsmeldingar og jamleg få informasjon om dei selskapa som løyser kommunale oppgåver.**

### 3.2. Innkallingsfrist og handsaming i kommunen

#### Innkallingsfristar

Tabell 1 viser kva frist som gjeld for innkalling til generalforsamling eller representantskap i dei utvalde selskapa.

Tabell 1 Innkallingsfrister til generalforsamling/representantskap for dei utvalde selskapa

Selskap	
Brannvernsamarbeidet IKS	4 veker, jf. IKS-lova og selskapsavtalen
Vest-Telemark PPT IKS	4 veker, jf. IKS-lova og selskapsavtalen
Vest-Telemark Kraftlag holding AS	3 veker, jf. vedtekter
Vest-Telemark Næringsbygg AS	2 veker, jf. vedtekter

#### Eigarsaker 2021

Tabell 2 Dato for innkalling og møte i generalforsamling/representantskap og handsaming/informasjon i formannskap i 2021

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i formannskap
Brannvern-samarbeidet	07.01.21	13.01.21	Hastemøte, jf. IKS-lova § 8, tredje ledd*	Nei
	29.04.21	30.04.21	Nei	Nei
Vest-Telemark PPT	18.05.21	02.06.21	Nei	Nei
	07.11.21	11.11.21	Nei	Nei
Vest-Telemark Kraftlag holding	14.06.21	29.06.21	Nei	Nei
Vest-Telemark Næringsbygg	05.05.21	01.06.21	Ja	Nei

\*I innkallinga til møte i Brannvernsamarbeidet 13.01.21 er det vist til hasteparagrafen i IKS-lova, for å få på plass eit lovleg styre som kunne legge fram rekneskapen.

Tabellen over viser at det er berre Vest-Telemark Næringsbygg som har sendt ut innkalling i samsvar med fristen. Brannvernsamarbeidet si generalforsamling 07.01.21 vart innkalla som eit hastemøte, noko det etter omstenda kan vere høve til etter IKS-lova § 8, tredje ledd.

Formannskapet i Seljord har ikkje handsama eller fått informasjon om eigarsaker i 2021, heller ikkje saker om kandidatar til styre i selskap. Vi har heller ikkje sett at kommunestyret har handsama eigarsaker i 2021.

**Eigarsaker 2022**

Tabell 3 Dato for innkalling og møte i generalforsamling/representantskap og handsaming/informasjon i formannskap i 2021

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i formannskapet
Brannvern-samarbeidet	29.03.22	30.04.22	Ja	Nei
Vest-Telemark PPT	07.11.21	26.01.22	Ja	Nei
	31.05.22	13.06.22	Nei	Nei
Vest-Telemark Kraftlag Holding	Varsel 27.05.22 Innkalling 03.06.22	17.06.22	Varsel: ja  Innkalling: nei	Nei
Vest-Telemark Næringsbygg	07.06.22 (frå protokoll)	23.06.22	Ja	Nei

Tabellen viser at selskapa har halde fristen for innkalling ved tre av dei seks representantskapa/ generalforsamlingane i 2022.

Formannskapet i Seljord har ikkje handsama eller fått informasjon om eigarsaker i 2022, heller ikkje saker om kandidatar til styre i selskap.

Verken formannskapet eller kommunestyret har handsama innkalling til representantskapsmøte i Vest-Telemark PPT, der endring av selskapsavtalen var ei av sakene. Endringane gjeld mellom anna endring av deltakarar og ansvarsdel i selskapet, som følgje av at Vestfold og Telemark fylkeskommune har gått ut av selskapet, jf. IKS-lova § 30. Per oktober 2022 har vi ikkje informasjon om at endra/ny selskapsavtale er handsama av kommunestyret i etterkant, jf. IKS-lova § 4. Kommunen opplyser at den nye selskapsavtala ikkje er handsama p.g.a. at kommunen fyrst heilt nyleg (9.11.22) har fått tilsendt utkast til ny Selskapsavtale frå Vest-Telemark PPT IKS.

**Årsmeldingar og informasjon til kommunestyret**

Kommunestyret har ikkje handsama årsmeldingar frå nokon selskap i 2021 og 2022, bortsett frå årsmeldinga frå Krisesenteret i Telemark.

Kommunestyret har handsama ei sak om utlån/aksjonærlån til Vest-Telemark Kraftlag/VTK Holding AS, sak 17/2022

I Referatsak 3/21 var det ei orientering om at kommunen har avtala sal av kommunen sine aksjar i Vest-Telemark Teknologipark.

### 3.3. Revisor si vurdering – handsaming av eigarsaker

Innkallingsfristen til representantskapsmøte i interkommunale selskap er 4 veker, jf. IKS-lova § 10. Denne innkallingsfristen går også fram av selskapsavtalane for dei selskapa vi har sett på. I 2021 sendte ikkje Brannvernssamarbeidet ut innkalling i samsvar med denne fristen. Vest-Telemark PPT sendte ikkje ut innkalling i samsvar med fristen verken i 2021 eller 2022.

Aksjeselskapa har utvida innkallingsfrist til generalforsamling i vedtektene. Innkallingane til generalforsamling i Vest-Telemark Holding i 2021 og 2022 var ikkje sendt ut i samsvar med fristen i vedtektene.

Kommunen bør som eigar sikre at selskapa sender innkalling i samsvar med gjeldande fristar. Innkallingsfristane er viktige for at rett organ i kommunen skal kunne handsame sakene før generalforsamling/representantskap.

Innkallingane til representantskap og generalforsamling inneheld mellom anna saker om endring av selskapsavtale, budsjett, rekneskap, rapportering og styreval. Desse sakene vart i ikkje forankra i formannskapet, som i eigarskapsmeldinga har fått mynde til å handsame slike saker. Seljord kommune har såleis ikkje handsama eigarsaker i samsvar med eigarskapsmeldinga.

Endringar av deltakarane i eit IKS skal vedtakast av kommunestyret sjølv i alle deltakarkommunane, jf. IKS-lova § 4. Endringa av selskapsavtalen til Vest-Telemark PPT IKS må såleis vedtakast av kommunestyret. Per oktober 2022 er ikkje endringa av selskapsavtalen handsama av kommunestyret i Seljord kommune.

Kommunestyret har ikkje fått lagt frem årsmeldingar eller fått informasjon om kommunen sine selskap i 2021 og 2022.

## 4. Styrevalprosessar og styresamansetjing

3. Er styrevalprosessar for selskapa lagt til rette og gjennomført i samsvar med lovkrav, kommunen sine retningslinjer og tilrådingar frå KS?

4. Er styresamansetjinga i samsvar med lovkrav og vedtekter/selskapsavtalar?

### 4.1. Kontrollkriterium

Val av styre er ei av dei viktigaste oppgåvene til eigar. Styreval og samansetjing er dels regulert i lovverket og dels i selskapa sine vedtekter. I tillegg kan kommunen sine eigarskapsprinsipp gi føringar for korleis ein skal arbeide med styreval, og KS har også tilrådingar til kommunane om dette.

#### Lovgrunnlag

Det er generalforsamlinga eller representantskapet som skal velje styre, jf. aksjelova § 6-3 og IKS-lova § 10.<sup>2</sup>

Begge kjønn skal vere representert i styra, slik at kvart kjønn svarar til minst ca 40%, jf. kommunelova § 21-1, jf. aksjelova § 20-6<sup>3</sup> og IKS-lova § 10 første ledd. Faste medlemmer og varamedlemmer skal teljast kvar for seg, og medlemmer valde av dei tilsette skal ikkje reknast med.<sup>4</sup>

Valperioden er fire år, om ikkje anna er fastsett i selskapet sine vedtekter.

#### Tilrådingar frå KS

KS har fleire tilrådingar omkring styreval, vi nemner fire:

- **KS Anbefaling 9: Sammensetning og kompetanse i styret**

*Eier bør gjennom selskapets eierorgan sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Spørsmål om habilitet i valg av styremedlemmer skal også vurderes. Det anbefales også at selskapet sikrer opplæring av styremedlemmene.*

---

<sup>2</sup> Eigne reglar om val av styremedlemmer av og mellom dei tilsette, jf. aksjelova § 6-4 og IKS-lova § 10 åttande ledd ff.

<sup>3</sup> Gjeld selskap der kommunar/fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane.

<sup>4</sup> Ot.prp. nr. 97 (2002-2003) kap. 10 pkt. 10.1, s. 57 og Prop. 46 L (2017-2018), merknaden til § 21-1.

- **KS Anbefaling 10: Valgkomite og styreutnevnelser**

*Det bør fastsettes i vedtektene eller selskapsavtalen at valg av styrer bør skje ved bruk av valgkomite. Det bør lages retningslinjer som regulerer komiteens arbeid.*

- **Anbefaling 12: Rutiner for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene**

*Eier bør anbefale styret å jevnlig vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Styret bør derfor etablere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.*

- **Anbefaling 14: Oppnevne numeriske vararepresentanter**

*Det anbefales at det oppnevnes varamedlemmer til styret i selskaper. Ordningen med numeriske varamedlemmer bør benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.*

## Kommunen si eigarskapsmelding

Når det gjeld styresamansetjing har Seljord kommune vedtatt følgjande (eigarskapsprinsipp nr. 6):

- ved strategisk eigarskap bør styremedlemmene veljast fritt etter kompetanse - eventuelt frå det politiske miljøet
- i verksemder som utfører kommunal tenesteproduksjon/ kommunale oppgåver ynskjer kommunen kandidatar som har god kunnskap om kommunalt ansvar/rammer og kommunal tenesteproduksjon.

Kompetanse og styrerolla er nærare utdjupa i eigarskapsmeldinga pkt. 1.3. Pkt. 1.5 viser vurderingar som bør gjerast når det gjeld habilitet og habilitetskonsekvensar av rollekombinasjonar.

Kommunen si eigarskapsmelding gir også føringar for å vedtektsfeste bruk av valkomité og seier at det bør utarbeidast retningsliner for valkomiteen (eigarskapsprinsipp nr. 5 og pkt. 1.2). Det går vidare fram at representantskapet/generalforsamlinga bør velje valkomiteen. I verksemder med fleire eigarar/kommunar bør den felles valkomiteen setjast saman slik at den reflekterer eigardelane. Eigarskapsmeldinga rår også til at valkomiteen har ein dialog med styret før framlegg, og at valkomiteen grunngjev framlegga sine.

Eigarskapsmeldinga tilrår at kommunen sikrar opplæring av styremedlemmene. Dette er ei tilråding som KS har gått bort i frå, og KS rår no til at selskapa sikrar styreopplæring. Vi legg difor ikkje dette punktet i eigarskapsmeldinga til grunn som kriterium.

**På denne bakgrunnen har vi etablert følgjande kriterium:**

- **Kjønnsamansetjinga i styret skal vere i samsvar med lovkrav.**
- **Det bør vere numerisk varaordning for styret.**

- Valkomit /valnemnd bør vere regulert i selskapsavtale/vedtekter.
- Generalforsamling/representantskap bør fastsetje retningsliner for valkomit en/valnemnda sitt arbeid.
- Valprosessen bør sikre at styresamansetjinga er tilpassa formålet og verksemda til selskapet.
- Selskapet bør ha tiltak for styreoppl ring .
- Styret sitt arbeid bør evaluerast jamleg.

## 4.2. Fakta om styreval

### 4.2.1. Vest-Telemark brannvern IKS

#### Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark brannvern består av 6 medlemmer valt av generalforsamlinga. Styremedlemmene blir valt for to  r. Det blir praktisert at halve styret er p  val kvart  r. Det kjem fram av vedtektene at varamedlemmer blir valt i rekkef lgje. Denne ordninga vart innf rt fr  og med generalforsamlinga i april 2021.

I januar 2021 gjennomf rte selskapet eit ekstra representantskapsm te for f  valt eit lovleg styre, mellom anna for   sikre korrekt kj nssamansetjing (styret bestod d  av fire kvinner og to menn). Kj nssamansetjinga av styra som er valde i 2021-2022 visast i tabellen under.

Tabell 4 Kj nssamansetjinga i Vest-Telemark brannvern IKS etter at styrevalet er gjennomf rt

	2021 (ekstraordin�ert)		2021 (ordin�ert)		2022	
	Medlem	Varamedlem	Medlem	Varamedlem*	Medlem	Varamedlem**
Kvinner	3	3	3	3	3	1
Menn	3	3	3	2	3	2

\* Eit varamedlem ble ikkje valde. \*\* Tre varamedlem ble ikkje valde.

I 2021 og 2022 er det ikkje valt s  mange varamedlemmer som det f ljer av selskapsavtalen. I 2022 er dette grunngjeve i protokollen med at nokre av kommunane ikkje har gitt tilbakemelding p  kven som skal fylle «deira» plass, og at det i eit tilfelle var foresl tt ein kandidat som ikkje var valbar.

Protokoll fr  representantskap tyder p  at styremedlemmer og varamedlemmer blir valt fr  kvar eigarkommune/etter forslag fr  eigarkommunen.

#### Valnemnd

Selskapet har vedtektsfesta valnemnd. Valnemnda består av tre medlemmer som blir valde av generalforsamlinga. Det g r fram av vedtektene at valnemnda si innstilling skal f lje innkallinga til representantskapet. Utover dette er det ikkje gitt retningsliner for valnemnda sitt arbeid.



Vi har sett innstillinga frå valnemnda i 2021 og 2022. Selskapet har fått innstillinga to og ein dag før møta i representantskapet. Valnemnda har ikkje grunngjeve innstillinga. Vi har ikkje fått protokoll frå møta i valnemnda.

### Kompetanse i styret

Utover føresegna i selskapsavtalen om val og storleik på styret, er det ikkje gitt retningsliner i selskapet eller til valkomiteen for samansetjinga av styret, til dømes kva som er ønskjeleg kompetanse i styret.

Selskapet har ikkje rutinar for evaluering av styret sitt arbeid, og det er heller ikkje gjennomført slike evalueringar.

Det er ikkje gjennomført kompetansehevande tiltak for styret i 2021 og 2022.

### 4.2.2. Vest-Telemark PPT

Representantskapet vedtok å endre selskapsavtalen i juni 2022, mellom anna på bakgrunn av at fylkeskommunen varsla uttrede av selskapet. Seljord kommunestyre har ikkje handsama den nye selskapsavtala, men vi ser at avtala er tatt i bruk, og vi byggjer såleis på den nye selskapsavtala som grunnlag for vurdering av styreval.

### Styresamansetjing

Styret, som er valt i 2022, består av 6 styremedlemmer. Det er ikkje valt varamedlemmer. Alle styremedlemmene vart valde samtidig for ein periode på to år.

Ifølgje selskapsavtalen skal alle eigarane vere representert i styret. Det går ikkje fram kor mange som skal vere representert frå kvar kommune eller samla tal på medlemmer i styret. I følgje IKS-lova skal talet på styremedlemmer gå fram av selskapsavtala.

Tabellen under viser kjønnsamansetjinga i styret. Sidan selskapet vel heile styret for to år, var det ikkje styreval i 2021.

Tabell 5 Kjønnsamansetjinga i Vest-Telemark PPT etter at styrevalet er gjennomført

	2021	2022	
		Medlem	Varamedlem
<b>Kvinner</b>	Ikkje noko styreval	3	Ingen valde
<b>Menn</b>		3	Ingen valde

### **Valnemnd**

I selskapsavtalen av 2022 går det fram at representantskapet vel styret etter framlegg frå arbeidsutvalet til Vest-Telemark rådet,<sup>5</sup> det vil seie at arbeidsutvalet er selskapet si valnemnd. Det er ikkje laga instruks for arbeidet til valnemnda.

### **Kompetanse i styret**

Selskapsavtalen gir ikkje føringar for samansetjing av styre, anna enn at alle eigarkommunane skal vere representert. Det er omtale av ansvar og oppgåver til styret, og gjennomføring av styremøte. Det er ikkje fastsett styreinstruks.

Dagleg leiar har ikkje kjennskap til at det vart gjennomført evaluering i 2021. Styret gjennomførte ei evaluering våren 2022. Dette var ei spørjeundersøking som gjekk til styreleier, eit styremedlem, eit varamedlem og leiar for representantskapet.

I styreevalueringa våren 2022 har alle sagt seg einig eller svært einig i påstanden «styrets medlemmer har komplementær kompetanse som dekkjer behovet til verksemda.» Dagleg leiar har gitt uttrykk for at styret<sup>6</sup> hadde ei kompetansesamansetjing som dekte selskapet sitt behov, og at ho opplevde å få god fagleg støtte frå styremedlemmene.

Det er planlagt å gjennomføre styreopplæring hausten 2022.

### **4.2.3. Vest-Telemark Kraftlag Holding AS med dotterselskap**

#### **Styresamansetjing**

Styret i Vest-Telemark Kraftlag Holding AS består av seks medlemmer som er valt av generalforsamlinga.<sup>7</sup> Det er fastsett i vedtektene at heie styret blir valt samtidig og for to år. Vidare går det fram av vedtektene at varamedlemmene blir valt i rekkefølge. Rekkeføljeval vart gjort for fyrste gong i 2021.

Samansetjinga av styret blir bestemt av ein aksjonæravtale frå 2001. I praksis gir avtalen kvar kommune rett til å utpeike eit styremedlem.

*I 2018 vart det vedteke ein felles eigarstrategi for Vest-Telemark Kraftlag. I saksframlegget står det: «At ikkje alle er på val samstundes er viktig for å sikre kontinuitet i styret og for å oppretthalde kompetanse, og dermed gjere styret betre i stand til å vere ein aktiv sparringspartner og kontrollinstans ovanfor administrasjonen.» Dette ser ikkje ut til å ha blitt følgt opp i eigarstrategien eller på anna måte overfor selskapet.*

Selskapet har i revisjonsprosessen opplyst følgjande om styreval:

---

<sup>5</sup> Arbeidsutvalet består av regionordførar, regionvaraordførar, leiar av rådmannsutvalet og regionrådsleiar/dagleg leiar.

<sup>6</sup> Med referanse til styret som var valt i perioden 2020-2022.

<sup>7</sup> I tillegg blir to styremedlemmer blitt valt av dei tilsette.

*Etter at kravet om 3 av kvart kjønn kom, så har heile styret vore på val kvart andre år. Dette for å sikre full fleksibilitet i høve til kjønnsfordelinga mellom eigarane. Med val kvart år ville det vera høvesvis 2M+1K og 1M og 2K. GF har difor sett bort ifrå eigarstrategien på dette punktet. Utfordringa i høve til kontinuitet er vel heller at styremedlemer blir bytta ut som konsekvens av endring i politisk makt i kommunen (etter kommuneval). I førre årtusen vart dette i mindre grad vektlagt.*

Generalforsamlinga i 2021 utrykte ønskje om å ha gjennomgåande representasjon i konsernet.<sup>8</sup> Styra i konsernet er gjennomgåande, slik at nokre av styremedlemmane i Vest-Telemark Kraftlag Holding sit i styret i Vest-Telemark Kraftlag Nett og andre sit i styret i Vest-Telemark Kraftlag.<sup>9</sup>

I 2021-2022 er det gjennomført eit styreval i 2021. Tabellen under viser kjønnsamansetjinga etter dette valet for dei tre selskapa i konsernet.

Tabell 6 Kjønnsbalanse i styra til Vest-Telemark Kraftlag etter vala i 2021.

	Vest-Telemark Kraftlag Holding		Vest-Telemark Kraftlag Nett		Vest-Telemark Kraftlag	
	Medlem	Vara-medlem	Medlem	Vara-medlem	Medlem	Vara-medlem
<b>Kvinner</b>	3	3	2	0	1	1
<b>Menn</b>	3	3	1	1	2	0

### Valnemnd

Vest-Telemark Kraftlag Holding har ikkje vedtektsfesta valnemnd, men valnemnda er regulert i den felles eigarstrategien. Det går fram at ordførarane i eigarkommunane utgjer valnemnda som innstiller til generalforsamlinga. Det blir presisert at varamedlemmer skal vere i rekkefølge og at lovkravet til kjønnsbalanse skal overhaldast. Vidare er det også omtala kva kompetanse styret bør ha, sjå neste avsnitt. Utover dette er det ikkje laga instruks for valnemnda. Vi har ikkje fått framlagt protokoll frå valnemnda sine møter. Administrerande direktør opplyser at innstillinga blir lagt fram munnleg for generalforsamlinga. Vi har ikkje motteke grunngjeving for valnemnda si innstilling.

### Kompetanse i styret

Eigarstrategien framhevar at styret skal settast saman slik at det kan ta vare på interessene til eigarfellesskapet og selskapet sine behov for kompetanse og mangfald. Det går fram kva

<sup>8</sup> KS tilråding nr. 13: Som hovudregel bør ikkje styremedlemmer i morselskapet sitte i styret i dotterselskap, for å unngå rolleblanding og dobbeltroller og problematikk knytt til habilitet.

<sup>9</sup> Vest-Telemark Kraftlag står for kraftproduksjon, fiber og straumal, medan Vest-Telemark Kraftlag står for drift av el-nettet, som er monopolverksemd. Energilova § 4-7 krev funksjonelt skilje mellom monopolverksemd og konkurranseutsett verksemd i energikonsern, og dette er ivaretatt ved at styremedlemmene i morselskapet sit i kvar sitt styre i desse dotterselskapa.

kompetanse som det er eit føremon at styret har i fellesskap: «juss, økonomi og finans, teknikk, HMS og risikostyring, og røynsle frå styrearbeid eller leiing av næringsverksemd.»

Administrerande direktør opplyser at dagens styre manglar kompetanse innan juss og erfaring frå privat næringsliv.

Administrerande direktør fortel at selskapet ikkje har fast rutine for styreevaluering, men at det er gjort ei eigenvurdering for nokre år sidan. Vi har ikkje motteke dokumentasjon på dette.

Administrerande direktør opplyser at selskapet gjennomfører styreopplæring i etterkant av vala. Det blir då gjennomført styreseminar med eksterne og interne forelesarar.

#### 4.2.4. Vest-Telemark Næringsbygg AS

##### Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark Næringsbygg består av fem medlemmer og eitt varamedlem som er valde av generalforsamlinga for to år. Vedtektene legg opp til at to medlemmer er på val det eine året og tre er på val det andre året. Tabellen under viser styret sin kjønnsamansetjing etter styrevala i 2021 og 2022.

Tabell 7 Kjønnsamansetjinga i Vest-Telemark Næringsbygg AS etter at styrevalet er gjennomført

	2021		2022	
	Medlem	Varamedlem	Medlem	Varamedlem
Kvinner	2	0	2	0
Menn	3	1	3	1

Oppstillinga i protokollen frå generalforsamlinga tyder på eit ønskje om geografisk spreing av styremedlemmane.

##### Valnemnd

Valnemnd er ikkje vedtektsfesta for selskapet. Selskapet har likevel ei valnemnd bestående av tre medlemmer. Det er ikkje vedtatt retningslinjer for valnemnda. Både i 2021 og 2022 vart valnemnda si innstilling framlagt skriftleg, men begge innstillingane er datert til dagen før generalforsamlinga skulle haldast. Innstillinga frå 2021 inneheld en del informasjon om kandidatane, mellom anna: fødselsår, utdanningsbakgrunn, stilling og bukommune. I innstillinga for 2022 er berre bustadkommune opplyst. Det er ikkje gitt konkret grunngjeving for innstillinga til valnemnda korkje i 2021 eller 2022.

##### Kompetanse i styret

Vedtektene fastset tal på styremedlemmer og varamedlemmer, men gir ikkje føringar for kompetanse i styret. Vi er ikkje kjende med at selskapet har styreinstruks.

Vurdering av arbeidsforma til styret inngår som ein del arbeidsplanen til styret i 2022. Dette ligg inne som eit punkt i siste styremøte før generalforsamlinga. Selskapet kan syne til protokoll som viser at evaluering vart gjort munnleg i eit styremøte i 2021. Det går ikkje fram om kompetansesamansetjinga var vurdert. Selskapet gjennomfører styreopplæring kvart andre år. Dette vart sist gjennomført våren 2022 som ei strategisamling og seminar over to dagar.

### 4.3. Revisor si vurdering av styreval

Alle selskapa nyttar valkomité/nemnd, men vi ser at det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene for dette arbeidet. To av selskapa har vedtektsfesta valnemnd, mens eit selskap har dette fastsett i den felles eigarstrategien for selskapet. Ingen av representantskapa eller generalforsamlingane har gitt retningslinjer for valnemnda sitt arbeid. I eigarstrategien for Vest-Telemark Kraftlag Holding er valnemnda si samansetjing og oppgåve beskrive kort.

Styra som er valde i den undersøkte perioden oppfyller lovkravet til kjønnsrepresentasjon.

Alle selskapa som har valt meir enn eit varamedlem, vel desse i rekkefølge.<sup>10</sup> Vest-Telemark PPT har ikkje valt vara til styret i 2022. Vara er ikkje regulert i selskapsavtalen, men mangel på vara kan medføre at styremøte med høgt forfall ikkje kan gjennomførast,<sup>11</sup> og det kan gjere det vanskeleg å sikre kontinuitet i styret.

Brannvernsamarbeidet har ikkje valt så mange varamedlemmer som selskapsavtalen bestemmer. Dersom det er eit vedvarande problem å fylle alle varaplassar, bør selskapet og eigarane vurdere om talet på varamedlemmer er føremålstenleg, og eventuelt endre på dette i selskapsavtalen.

Seljord kommune si eigarmelding gir to overordna føringar for styresamansetjing, avhengig av om eigarskapa er strategisk eller skal ivareta kommunale oppgåver. Vi har ikkje sett at slike føringar kjem til uttrykk i vedtektene/selskapsavtalane eller andre felles dokument for selskapa.

Vi har ikkje fått protokoll eller grunngiving av forslag frå valnemndene. Ikkje alle valnemndene gir ei skriftleg innstilling. I innstilling frå valnemnd eller protokoll frå representantskap/generalforsamling står i hovudsak berre namn på kandidatane og kva kommune dei bur i.

I aksjonæravtalen for Vest-Telemark Kraftlag går det fram at eigarane skal ha rett til å utpeike eit styremedlem. I Vest-Telemark PPT er det vedtektsfesta at alle eigarane skal vere representert i styret. For dei andre selskapa, med unntak av Vest-Telemark Næringsbygg, synes det som etablert praksis at eigarane er representert i styret. Geografisk fordeling av styremedlemmer kan både gi geografisk og anna kompetanse til styret, men vi ser i liten grad at dei kompetansebehova

---

<sup>10</sup> Vest-Telemark Næringsbygg har berre eit varamedlem til styret.

<sup>11</sup> IKS-lova § 12 krev at styre halve styret må vere til stades for at det skal vere vedtaksfør.

som går fram av eigarskapsmeldinga går fram av vedtekter/selskapsavtale, retningsliner eller på annan måte i valprosessen.

Vest-Telemark Kraftlag Holding og Vest-Telemark PPT vel heile styret samtidig. Dette aukar risikoen for at heile styret blir bytta ut på ein gong, noko som ikkje er tilrådeleg med tanke på kontinuitet i styret sitt arbeid.

To av selskapa kan vise til etablert og regelmessig opplæring av styret. To selskap viser til at dette er planlagt for hausten 2022.

Tre av selskapa kan vise til at det er gjort styreevaluering i den undersøkte perioden, men berre to av dei har fast praksis for dette.

Representantskapet i Vest-Telemark PPT har vedtatt ny selskapsavtale i juni 2022. Vi kan ikkje sjå at den nye avtalen er behandla av Seljord kommunestyre. Selskapet har heller ikkje bedt eigarane om å vedta avtalen i kommunestyra. Etter vår vurdering er det gjort fleire endringar som kommunestyret i alle eigarkommunane må vedta. Dette gjeld mellom anna endring av deltakarar, eigarandelar og ansvarsandelar og talet på styremedlemmer, jamfør IKS-lova § 4.

I den nye selskapsavtalen til Vest-Telemark PPT går det fram at alle eigarar skal vere representert i styret, men utan at talet på styremedlemmer er angitt. Etter vår vurdering er ikkje denne reguleringa tilstrekkeleg. IKS-lova krev at talet på styremedlemmer skal gå fram av selskapsavtalen, og selskapsavtalen seier ikkje noko tall på styremedlemmer, verken samla eller frå kvar eigar.

## 5. Konklusjonar og tilrådingar

### 5.1. Konklusjonar

#### **Eigarskapsmelding og informasjon**

Seljord kommune har eigarskapsmelding i samsvar med krava i kommunelova. Det er positivt at eigarskapsmeldinga er handsama tidleg i kommunestyreperioden, slik at eigarstyringsprinsippa kan vere førande for kommunen si eigarstyring i praksis.

Kommunestyret sitt vedtak om oppdatering og utarbeiding av eigarstrategiar for alle selskap der kommunen eig meir enn 1 % er ikkje følgt opp for selskap der kommunen har ein eigardel på 1 - 10%.

Det er lite informasjon om eigarskapsmeldinga eller om selskapa på kommunen sine nettsider. Etter vår vurdering kan informasjonen til innbyggjarane om kommunen sine eigarstyringsprinsipp, kommunen sitt eigarskap og verksemdar som leverer tenester til kommunen bli betre.

#### **Handsaming av eigarsaker i kommunen**

Gode rutinar for handsaming av eigarsaker er viktig både for å sikre god informasjon til folkevalde organ og for å ha tydelege styringslinjer. Kommunen si eigarskapsmelding er handsama av kommunestyret tidleg i valperioden, og det burde såleis godt til rette for eigarstyring i samsvar med retningslinjene i eigarskapsmeldinga.

I den undersøkte perioden (2021 til juni 2022) kan vi ikkje sjå at innkallingar til generalforsamling/representantskap er handsama i formannskap eller kommunestyre. Kommunestyret har heller ikkje fått framlagt årsmeldingar frå selskap i perioden, slik det står i eigarskapsmeldinga. Vi vil også peike på at kommunestyret ikkje har handsama ny selskapsavtale etter endring av deltakarar i Vest-Telemark PPT IKS, slik kravet er etter IKS-lova § 4. Etter vår vurdering har kommunen ikkje etterlevd retningslinjene for handsaming av eigarsaker i 2021 og 2022.

Ein føresetnad for god administrativt og politisk handsaming av eigarsaker i kommunen er at kommunen mottok innkallingane i god tid før generalforsamling eller representantskap. Dei fire selskapa vi har undersøkt har ikkje halde fristen for innkalling til over halvparten av møta i 2021 og 2022.

#### **Styrevalprosessar**

Eit godt samansett styre med ei samla kompetanse tilpassa selskapet sitt behov er ein viktig faktor for at selskapa skal fungere godt, og val av styre er ei av dei viktigaste oppgåvene til eigar.

Styrevala i den undersøkte perioden er i samsvar med lovkravet om kjønnsrepresentasjon, og dei selskapa som har meir enn eit varamedlem, har valt vara i rekkefølge. Det gir kontinuitet i styrearbeidet og er i samsvar med tilråding frå KS.

Bruk av valnemnd er eit tiltak som kan bidra til å samordne innspel og føringar frå eigarane og sikre både ei lovleg og føremålstenleg styresamansetjing. Alle selskapa har valnemnd. Det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene for og arbeidet til valnemndene. Det gjer det vanskeleg å vite kva dei vektlegg når dei innstiller på kandidatar. Eit kriterium som likevel blir vektlagt i dei fleste av selskapa vi har sett på, er at alle eigarane skal vere representert i styra. Vi finn lite dokumentasjon av korleis valnemndene har vurdert Seljord kommune sine føringar for styresamansetjing.

Ei god kjelde for valnemnda er styrets evaluering av sitt eige arbeid. Derfor kan det vere nyttig at styret gjennomfører slike evalueringar fast, og at valnemnda nyttar denne informasjonen. Tre av dei selskapa vi har undersøkt kan vise til styreevaluering i perioden, men berre to av dei har det som fast praksis.

Styreopplæring kan bidra til å sikre eit godt kompetent styre. To av selskapa viste til at dei hadde opplæring, og to av desse hadde dette planlagt for hausten 2022.

## 5.2. Tilrådingar

Vi har følgjande tilrådingar til Seljord kommune:

- Kommunen bør saman med dei andre eigarane ta initiativ for å sikre at selskapa sender ut innkalling til generalforsamling/ representantskap i samsvar med gjeldande fristar.
- Kommunen bør sikre at eigarsaker blir handsama politisk i kommunen, i samsvar med lovkrav og vedtekne eigarskapsprinsipp.
- Kommunen bør sikre at årsmeldingar og anna informasjon om selskap blir lagt fram for kommunestyret i samsvar med retningslinene i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør vurdere tiltak for å fremje kommunen sine føringar for styreval overfor selskapa og valnemndene.



## Litteratur og kjeldereferansar

### Lover og forskrifter

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova)

Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper (IKS-lova)

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

### Offentlege dokument

Ot.prp. nr. 97 (2002-2003) om endringer i aksjeloven, allmennaksjeloven og i enkelte andre lover

Prop. 46 L (2017-2018) om ny kommunelov

### Kommunen sine dokument

- Kst.-sak nr. 17/2020 Eigarskapsmelding for Seljord kommune
- Seljord kommune: Eigarskapsmelding del 1-3, med vedlegg 1
  - Vedlegg 1 Godt eigarskap (Vedlegg til eigarskapsmelding for Seljord kommune pr. 5.11.2018)
- Seljord kommune: Oversikt eigarrepresentantar for Seljord kommune per 31.3.20
- Seljord kommune: Oversikt styrerepresentantar frå Seljord kommune per 21.1.21
- Seljord kommune m fl: Felles eigarstrategi for Vest-Telemark Kraftlag (2018)

### Bøker og elektroniske kjelder

Bernt, Jan Fridthjof og Oddvar Overå, *Kommuneloven 2018 med kommentarer*. Oslo: KF, 2019.

KS, *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll*, Dag-Henrik Sandbakken (red.), Oslo: KS, 2020,

NUES, *Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse*, nettside, nytta den 23.08.22, <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Fråsegn til rapporten frå kommunen og selskapa

### Seljord kommune (e-post 18.11.22)

SV: Eigarskapskontroll - rapport til uttale - Seljord



Asbjørn Storrusten <asbjorn.storrusten@seljord.kommune.no>  
Til: Kirsti Torbjørnsen  
Kopi: Rikke Raknes

Du svarte på meldingen 17.11.2022 16:40.

Syner til tilsendte utkast til rapport om eigarskapskontroll – Seljord.

Administrasjonen har to merknadar.

1. I konklusjoner stend det om eigarstrategiar;

Kommunestyret sitt vedtak om oppdatering og utarbeiding av eigarstrategiar for alle selskap der kommunen eig meir enn 1 % er ikkje følgt opp.

Dette er rett, men kommunen har tidlegare (2018) utarbeida eigarstrategiar for dei selskapa der kommunen har ein eigardel på over 10 %. Så dette gjelde dette gjeld verksemder der kommunen eig mellom 1% -10 %.

2. Vest-Telemark PPT IKS - Selskapsavtale

Seljord kommune har ikkje handsamma den nye selskapsavtala p.g.a. at vi fyrst heilt nyleg (9.11.22) har fått tilsendt utkast til ny Selskapsavtale av Vest-Telemark PPT IKS .

Asbjørn Storrusten

Kultur- og næringssejef Seljord kommune

E-post; [as@seljord.kommune.no](mailto:as@seljord.kommune.no) Tlf; 917 96 785

### Vest-Telemark brannvern IKS (e-post 15.09.22)

Vest Telemark brannvern IKS tar rapport om eigarstyring og styreval Nissedal Kommune til etterretning .Vest telemark Brannvern IKS har gjort og vil i framtida rette opp i feil som er påpeika i rapporten.

Vest Telemark brannvern IKS har ellers ingen innspill til rapporten.

Mvh

Vest Telemark brannvern IKS

Torbjørn Lia

Konstituert brannsjef

Tlf : 97 66 19 11

E-post : [torbjorn.lia@vtbv.no](mailto:torbjorn.lia@vtbv.no)



## **Vest-Telemark PPT**

Den 17.11.22 fekk vi e-post frå dagleg leiar:

*Rapport til uttale – eigarskapskontroll Seljord kommune er lese og teke til vitande.*

## **Vest-Telemark kraftlag Holding AS med dotterselskap**

Selskapet gav følgjande høyringssvar ved epost 5.10.22:

*Hei.*

*Viser til oversendt utkast til revisjonsrapport.*

*Her er tilbakemelding frå VTK v/adm.direktør (ikkje styrebehandla):*

*Generelt: Gode observasjonar som eg ikkje har andre merknader til enn det som fylgjer under:*

- 1. Innkallingsfrist (s. 11 og 13): Dine merknader er nok rette i høve til når sakspapir er sendt ut. Dato for møtet er avtalt/varsla i svært god tid.*
- 2. Styreval (s. 20 og s 23): Etter at kravet om 3 av kvart kjønn kom, så har heile styret vore på val kvart andre år. Dette for å sikre full fleksibilitet i høve til kjønnsfordelinga mellom eigarane.*

*Med val kvart år ville det vera høvesvis 2M+1K og 1M og 2K. GF har difor sett bort ifrå eigarstrategien på dette punktet.*

*Utfordringa i høve til kontinuitet er vel heller at styremedlemer blir bytta ut som konsekvens av endring i politisk makt i kommunen (etter kommuneval).*

*I førre årtusen vart dette i mindre grad vektlagt.*

*Mvh*

*Vest-Telemark Kraftlag*

*Ketil Kvaale*

*Konsernsjef*

## **Vest-Telemark Næringsbygg AS:**

Har stadfesta ved epost 08.11.22 at selskapet ikkje har merknader til rapporten.

## Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

### Innsamling av relevante og pålitelege data

Eigarskapskontrollen starta med oppstartsbrev 10.10.22

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden oktober-november 2022. Noko informasjonen om selskapa bygger på data som er henta inn til eit tilsvarande oppdrag for Nissedal kommune, i perioden mai-august 2022. Denne informasjonen og vurderingane her har selskapa hatt høve til å uttale seg om i oktober 2022.

Vi har henta inn og gått gjennom kommunen si eigarskapsmelding og dokumentasjon frå eigarorgan, valnemnd og politiske organ i kommunen. Dette gjeld til dømes innkallingar og protokollar for generalforsamlingar, representantskap, formannskap og kommunestyre for 2021 og 2022. Informasjon om selskapsstyra og anna relevant selskapsinformasjon er henta frå offentlege register, årsmeldingar, selskapa sine nettstader og liknande, og gjennom spørsmål via e-post til styreleiar/dagleg leiar i selskapa.

Vi har undersøkt praksis i/for eit utval av selskapa som kommunen har eigarskap i. Ved val av selskap la vi vekt på eigardel, variasjon i selskapsform og type verksemd. Utvalet er godkjent av kontrollutvalet. Vi valde ut følgjande selskap:

- Interkommunalt Brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS (Brannvernssamarbeidet)
- Vest-Telemark PPT IKS
- Vest-Telemark Kraftlag Holding AS med dotterselskap (konsern)
- Vest-Telemark Næringsbygg AS (privat medeigarskap)

Vi har sjekka ut med kommunen og selskapa at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Dei har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegnene ligg i vedlegg 1.

### Personopplysningar

I samband med denne eigarskapskontrollen har vi behandla personopplysningar som namn og e-postadresser til tilsette og politikarar i kommunen, samt styreleiar/dagleg leiar i selskapa.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar i samband med eigarskapskontroll er kommunelova § 24-10, jf. 23-6.

Vi handsamar personopplysningar slik det er sagt i personvernerklæringa vår. Den er tilgjengeleg på vår nettside [vtrevisjon.no](https://vtrevisjon.no).

## God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Eigarskapskontroll skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.<sup>12</sup>

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har et system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll.<sup>13</sup> Denne eigarskapskontrollen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetskontrollsystem og i samsvar med krava i RSK 002.

---

<sup>12</sup> God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standardane bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

<sup>13</sup> ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester.